




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ny skole- og tilbudsstruktur 2026 – 2040

Oppsummering av høyringsdokumentet



Fylkestinget sitt vedtak

Samandrag av fylkestinget
sitt vedtak desember 2024:

- Fylkestinget **sluttar seg til** arbeidet med ny skole- og tilbudsstruktur for 2026–2040.
- Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren **gå i dialog** med Stranda og Tingvoll om samarbeid med kommune og næringsliv kring unike utdanningstilbod.
- **Distriktpolitiske omsyn** skal vektleggast, og desentralisert struktur vidareførast.
- Kompetanse- og næringsutvalet skal få jamlege **oppdateringar**. Elevråda skal **involverast**.
- **OPS-prosjekt** vurderast, og framtidig arbeidskraftsbehov skal inngå i kunnskapsgrunnlaget.



Bakgrunn for saka


- Om 15 år er det 1.700 færre elevar enn i dag i dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal.
- Færre elevar betyr mindre inntekter frå staten til drift av skolane.
- Nedgangen i elevtal gjer det heilt nødvendig å sjå på både antal skolar og utdanningstilbodet.
- Kvaliteten på tilboda er vesentleg.

Overordna vurderingar

- Ansvarleg økonomisk forvalting
- Kvalitet i opplæringa
- Distriktsomsyn.




Proseszen



Kompetanse- og næringsområdet sitt samfunnsoppdrag

- **Regional samfunnsutvikling:**
Fylkeskommunen skal drive regional samfunnsutvikling og ivareta lovpålagde oppgaver innan kompetanse og næring.
- **Kompetanse- og næringsutvikling:**
Dimensjonering og kvalitet i vidaregåande opplæring og fagskoleutdanning. Dette for å møte framtidens kompetansebehov, og utvikle eit verdiskapande næringsliv.
- **Attraktive lokalsamfunn:** Skape lokalsamfunn med attraktive utdanningstilbod og eit inkluderande arbeidsliv.



Rolla og oppgåvene til fylkeskommunen



- Det regionale folkevalde styringsnivået, mellom Stortinget og kommunane
- Politisk styrt: Fylkestinget er det øvste folkevalde organet i fylket
- Ansvar for vidaregåande opplæring, samferdsel, kultur, tannhelse, regional utvikling, bygg- og eigedomsutvikling
- Fylkeskommunedirektøren: Skal sikre at saker for folkevalde organ er forsvarleg utgreidd

Kompetansebehov


- Den demografiske utviklinga gir
 - (enda større) knappheit på arbeidskraft
 - auka behov innan helse- og omsorg
- Fleire andre viktige drivarar for kompetansebehovet
 - Internasjonal økonomi, digitalisering og teknologi, klima og miljø, forsvar og beredskap ++
- Arbeidslivet treng både yrkesfagleg **OG** høgare akademisk kompetanse

Elevtalsutvikling og tilbud (generelt)

- Desentralisert og tilpassa geografien
- + nærskole, reisetid og mange utd. program
- – elevtalsnedgang, oppfylting ved mindre skolar gir usikkerheit for elevar og tilsette
- Misforhold mellom tilbodsstruktur og kva elevane søker
- Budsjettfordelingsmodell



Fordeling av driftsrammer 2025




Status i dag

- 20 skolar i 16 kommunar
- 1.715 tilsette, 1.371 lærarar (pr.31.12.24)
- 8.979 elevar (2024/2025)
- Søkartal (3.942 søkarar) til vg1 2025/2026:
 - 63 % yrkesfag
 - 37 % studieførebuande




Antal elever og vidaregåande skolar i Møre og Romsdal 1995–2040




Møre og Romsdal
fylkeskommune


Innbyggartilskot og utgiftsutjamning, elevar 16–18 år, 2025 og 2040:




-1.718 elevar



-377 mill.



Framskrevet antall 16 vs 67 åringer, kommune: Møre og Romsdal



Tilbod som ikkje skal settast i gang

Sak UDK-5/14:




Minimum 65 prosent oppfyltingsgrad av vedtatt kapasitet på studieførebuande utdanningsprogram.

Innanfor yrkesfag som rekrutterer til lærefag er kravet minimum 6 primærsøkarar.

Ein primærsøkar er ein søkar med ungdomsrett som har det aktuelle tilbodet som 1. ønske.

Elevar som har søkt på tilbod som ikkje settast i gang – har rett til å gjere omval

Kapasitetsjustering



Oppbygging av dokumentet

- **Strukturtiltak**
- **Tilbodstiltak** (på kort sikt), eks:
 - Redusere tilbodet på påbygg (overkapasitet og dårleg oppfylling)
- **Utviklingstiltak** (på lang sikt), eks:
 - Alternativ opplæring i bedrift (bedriftsmodell)



Innleiing →

Overordna vurderingar



Fase 1 (2026-2029)



Fase 2 (2029-2036)




Fase 3 (2036-2040)



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Framskriving av antal elever i vidaregåande skolar, region Nordmøre



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Delrapport elevtalsutvikling 2012 – 2024

Surnadal vgs er ein kombinertskole med Studiespesialisering og fire yrkesfaglege program. Utfordringa for skolen vil vere å få søking nok til å oppretthalde alle. Skolen har også eitt nesten identisk tilbod som Sunndal vgs, og eit stadig lågare samla elevtal ved desse skolane kan gjere det nødvendig å sjå desse skolane meir i samanheng enn ein har gjort tidlegare (...)

Utvikling og framskriving i perioden er i tillegg vist i tal og prosent i tabellane nedanfor:

Skolenr.	Skolenamn	Elevtal		Endring	
		2012	2024	Tal	Prosent
15001	Atlanten vgs	446	467	21	4,7 %
15012	Kristiansund vgs	869	753	-116	-13,3 %
15023	Sunndal vgs	327	223	-104	-31,8 %
15024	Surnadal vgs	293	212	-81	-27,6 %
15026	Tingvoll vgs	99	87	-12	-12,1 %
Nordmør e		2034	1742	-292	-14,4 %


Delrapport elevtalsutvikling fase 1, 2 og 3

Skolenamn	Fase 1: 2024-2029		Fase 2: 2030-2036		Fase 3: 2036-2040	
	Elevvar 2024/2025	Endring	Elevvar	Endring	Elevvar	Endring
Atlanten vgs	467	-7	460	-83	384	-124
Kristiansund vgs	753	-18	735	-126	627	-190
Sunndal vgs	223	-9	214	4	227	-22
Surnadal vgs	212	-11	201	-23	189	-30
Tingvoll vgs	87	1	88	-13	74	-23
Region: Nordmøre	1742	-44	1698	-240	1502	-389
		-3 %		-14 %		-22 %

I motsetnad til den historiske nedgangen der elevtalet har minka mest ved Sunndal og Surnadal vgs, ser no byskolane ut til å få ein større del av nedgangen (...)

Oppsummering delrapport kvalitet

- Skolestørleik har svært lite å seie for læringsmiljøet og trivselen til elevar.
- Ein elev på ein stor skole har 1,43 prosentpoeng større sannsyn for å fullføre og bestå skoleåret enn ein identisk elev på ein liten skole.
- Hybelbuarar fullfører og består skoleåret like ofte eller oftare enn elevar som bur heime
 - ... **men** når dei ikkje får førsteønsket oppfylt får det store negative utslag.
 - ... Møre og Romsdal har for mange av desse hybelbuarane



- Små skolar (under 300 elevar) kan slite med å bygge og oppretthalde robuste og lærande profesjonsfellesskap.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Oppsummering delrapport skolebygg




- Den gjennomførte tilstandskartlegginga på de vidaregåande skolane viser ein **auke i den verste tilstandsgraden (TG3)**
- TG3 inneberer store/alvorlege avvik.
- TG3 bør utbetrast straks eller innan kort tid for å hindre alvorlege konsekvensar som for eksempel stenging av skolebygg.

Tabell 1: Kartlagt bygningsmasse per februar 2025.

Lokasjon	Kartlagt areal	Antall bygg	Alder i 2025	Samlet VTTG	Oppgraderings behov 0-5 år	Oppgraderings behov 5-10 år	Oppgraderings behov samlet	Oppgraderings behov 0-5 år per BTA	Oppgraderings behov 5-10 år per BTA	Oppgraderings behov samlet per BTA
Kristiansund VGS	32 809	11	44	1,73	382 100 000	88 300 000	470 400 000	11 600	2 700	14 300
Borgund VGS	24 949	13	21	1,24	12 300 000	79 900 000	92 200 000	500	3 200	3 700
Gjermundnes VGS	19 978	32	74	1,86	100 000 000	117 100 000	217 100 000	5 000	5 900	10 900
Romsdal VGS	19 965	9	21	0,59	17 100 000	41 200 000	58 400 000	900	2 100	2 900
Ålesund VGS - Fagerlia	14 625	6	38	1,78	120 800 000	80 300 000	201 100 000	8 300	5 500	13 800
Molde VGS	13 068	7	41	1,64	45 800 000	60 800 000	106 600 000	3 500	4 700	8 200
Ørsta VGS	10 406	6	63	2,53	208 800 000	44 500 000	253 300 000	20 100	4 300	24 300
Atlanten VGS	9 610	5	53	1,92	109 900 000	80 400 000	190 300 000	11 400	8 400	19 800
Ålesund VGS - Volsdalsberga	9 334	5	53	1,87	109 800 000	52 200 000	162 000 000	11 800	5 600	17 400
Volda VGS	8 860	4	58	1,45	10 000 000	75 400 000	85 400 000	1 100	8 500	9 600
Spjelkavik VGS	8 420	1	48	0,03	0	0	0	0	0	0
Sunndal VGS	7 990	7	57	0,99	0	13 200 000	13 200 000	0	1 700	1 700
Sykkylven VGS	7 589	6	42	1,26	4 800 000	38 400 000	43 200 000	600	5 100	5 700
Hustadvika VGS - Elnesvågen	7 587	5	37	2,19	109 200 000	23 000 000	132 200 000	14 400	3 000	17 400
Surnadal VGS	6 702	5	41	1,36	23 200 000	34 500 000	57 700 000	3 500	5 100	8 600
Ulstein VGS	6 606	2	33	1,40	4 700 000	48 900 000	53 700 000	700	7 400	8 100
Herøy VGS	6 542	13	49	1,95	39 400 000	51 400 000	90 800 000	6 000	7 900	13 900
Tingvoll VGS	6 366	7	65	1,43	10 500 000	41 000 000	51 500 000	1 600	6 400	8 100
Haram VGS	5 616	5	37	1,13	14 200 000	12 200 000	26 400 000	2 500	2 200	4 700
Stranda VGS	5 264	2	43	1,58	0	58 600 000	58 600 000	0	11 100	11 100
Rauma VGS	5 072	5	52	0,51	0	1 900 000	1 900 000	0	400	400
Hustadvika VGS - Harøysundet	1 228	2	5	0,17	500 000	500 000	900 000	400	400	800
Total	238 586	158	44	1,46	1 323 000 000	1 043 800 000	2 366 900 000	5 500	4 400	9 900

Oppsummering delrapport skoleskyss

Elevar i vidaregåande skole med rett til gratis skoleskyss på grunn av avstand, søker sjølve om dette gjennom skoleskyssportalen så snart dei har takka ja til skoleplass



Figur 4: Kjøretid ein time frå vidaregåande skolar på Nordmøre. Viser kjøretid ut ifrå avstand, ikkje faktisk reisetid.

Indre Nordmøre

Fase 1 (2026 – 2029):


- Strukturtiltak: Tingvoll vgs
- Tilbodstiltak (frå skoleåret 26–27):
 - Sunndal: Barne og ungdom ut, bygg- og anleggsteknikk bør vurderast
 - Surnadal: Påbygg ut (PB 4 foreslått flytta til Sunndal)

Fase 1, 2 og 3 (2029 – 2036 (2040):

- Utviklingstiltak Sunndal og Surnadal

Påbygg-problematikk

- Misforhold mellom tilbud og oppfylling
- Aktuelt å redusere talet på skolar som tilbyr påbygg
- Oversøking ved søknadsfrist
- **Skoleåret 2024/25 - 100 færre elever enn plassar**



Påbygg foreslått teke ut frå 26–27

Påbygging til generell studiekompetanse

Surnadal vgs har tilbod om både Påbygging til generell studiekompetanse (Pb3) og Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse (Pb4).

På Indre Nordmøre tilbyr også Sunndal vgs Pb3. Tilbodet ved Sunndal vgs vart likevel ikkje starta opp skoleåret 2025/2026 på grunn av låg søking. Det er ikkje grunnlag for å fylle Pb3-klassar ved begge skolane i regionen. Ved å fjerne tilbodet frå ein av skolane, vil ein samtidig gjere valet meir føreseieleg for både søkarar og skolane.

Desse er søkartala per 1. mars dei siste seks åra:

Skolenamn	Kurskode	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Sunndal vgs	PBPBY3----	7	21	18	11	16	9
Surnadal vgs	PBPBY3----	14	13	9	8	11	11

Kva skole som bør tilby påbygg vidare, er ikkje eit opplagt val. Likevel tilrår ein å ta Pb3 og Pb4 ut av strukturen ved Surnadal vgs. Forslaget bygger på ei samla vurdering av søkartal, elevtal og geografisk plassering.

Bygg- og anlegg vurdert, men ikkje foreslått teke ut

I dag tilbyr alle dei tre vidaregåande skolane på Indre Nordmøre dette utdanningsprogrammet. På lengre sikt vil det truleg vere behov for tilbodet berre ved éin av skolane. Per no ser Surnadal vgs ut til å ha det mest stabile tilbodet.

Her er søkinga til Bygg- og anleggsteknikk ved Surnadal vgs dei siste åra:

Utdanningsprogram	2021	2022	2023	2024	2025
Vg1 Bygg- og anleggsteknikk	10	5	13	6	6
Vg2 Tømrer	12	7	9	13	9

Utviklingstiltak

Samarbeid mellom Sunndal og Surnadal om tilbodsstruktur for indre Nordmøre

Utviklingsprosjektet «Ny tilbodsstruktur for Indre Nordmøre» skal sikre eit godt og attraktivt utdanningstilbod for elevane i regionen. Surnadal vgs og Sunndal vgs opplever begge synkende elevtal, noko som kan svekke breidda i utdanningstilboda. For å møte desse utfordringane bør skolane samarbeide tettare og organisere seg slik at dei oppnår samdriftsfordelar.

På kort sikt kan dei lage felles planar for undervisning og bruk av undervisningspersonale. Dei bør òg vurdere nettbasert undervisning. Andre aktuelle tiltak er å samle klassar ved éin av skolane og styrke fagmiljøa gjennom felles utdanningsprogram. Elevtalsframskrivingane viser at det ikkje vil vere nok elevar til å fylle alle klassene i dagens struktur. Derfor må skolane utfylle kvarandre meir enn i dag.

Vidare skal ein vurdere korleis skolane kan utnytte felles administrative og merkantile ressursar på ein smartare måte, og sjå på moglegheitene for ein meir formell samdrift. Alt dette skal bygge vidare på det gode samarbeidet som alt finst mellom dei tre vidaregåande skolane i området. Målet er å halde oppe ein levedyktig og variert tilbodsstruktur som sikrar god breidde i utdanningstilbodet til elevar på Indre Nordmøre.

Utviklingstiltak forts.

Dei to skolane er i dag til saman på størrelse med ein gjennomsnittleg skole i fylket. Det ville derfor ikkje vore unaturleg å vurdere ei samanslåing. Når ein no på kort sikt vel å ikkje foreslå dette, er det i hovudsak av to grunnar:

- Det samla elevtalet for dei to skolane er for høgt til at ein kunne brukt berre ein av lokalitetane utan å gjere større investeringar i skolebygg.
- Det ville blitt uforholdsmessig lang reiseveg for ei stor elevgruppe.

Mot slutten av perioden med eit lågare elevtal vil det kanskje vere meir aktuelt å tenke i dei baner. Dersom ein skulle velje Sunndal vgs. som lokalitet for ein felles skole, ville ein truleg også få færre søkarar frå Trøndelag noko som ville gjere det samla elevtalet mindre.

Ferjefri kryssing av Todalsfjorden vil også vere ein faktor som gjer ei slik samanslåing meir akseptabel, med langt kortare reiseveg for elevane.

Om Trøndelagsavtalen og tiltak som bør vurderast

Tiltak som bør vurderast for Surnadal vgs

At Trøndelagsavtalen består er ein viktig premiss for vurderinga av tilboda til Surnadal vgs. Denne avtalen gir elevar frå mellom anna Rindal kommune ungdomsrett ved søking til skolen. Det er i skoleåret 2024/2025 om lag 40 elevar frå Trøndelag ved skolen.

Eit bortfall av så mange elevar, kombinert med forventa nedgang elles, vil vere dramatisk for skolen. Sjå status for avtalen i eige kapittel. Sjølv om ein legg til grunn at desse elevane skal vere med vidare i om lag same omfang vil det vere sannsynleg at skolen kanskje må redusere med eitt utdanningsprogram. Dette må bli sett i samanheng med Sunndal vgs.

Trøndelagsavtalen forts.

Grenseavtalar med nabofylke

Møre og Romsdal fylkeskommune har inngått grenseavtalar med nabofylke for å sikre kortare reiseveg og breiare utdanningstilbod for søkarar busett i grenseområda. Avtalane gjeld søkarar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 5-1 og skal gjere det enklare å ta ut retten sin der det er mest praktisk.

Samarbeid på tvers av fylka gjer det mogleg å møte elevane sine ønske og dei lokale behova til arbeidslivet. Dette kan bety mykje for elevane sine framtidige moglegheiter i utdanning og arbeid.

- **Trøndelag:** Avtalen vart inngått med Trøndelag fylkeskommune i 2019, på grunn av endra fylkesgrenser i 2020. Avtalen gjeld innbyggjarar busett i Rindal, Aure og tidlegare Halså kommune. Begge fylka ønsker å vidareføre avtalen, men den må reviderast i tråd med ny opplæringslov.
- **Vestland:** Avtalen med Vestland fylkeskommune er eit resultat av samanslåing av fylke og endra fylkesgrenser. Søkarar som er folkeregistrert i Vanylven kommune og 6763 Hornindal i Volda kommune kan søke vidaregåande skolar i Nordfjord, for eksempel ved Eid, Stryn, Måløy eller Firda vidaregåande skole.
- **Innlandet:** Innlandet fylkeskommune ønsker å inngå ein avtale der søkarar folkeregistrert i Lesja kommune kan søke til Rauma vgs. Avtalen er per april 2025 ikkje formalisert, og omfanget er lite.